



ÅRSMELDING  
SETESDAL REGIONRÅD  
2013



## FRÅ KRAFTFOND TIL NAVET I SETESDAL

Frå starten i 1991 med skiping av Setesdal næringsfond hovudsakleg basert på kraftinntekter frå Bykle og Valle, har ein i dag ein institusjon i Setesdal regionråd som sameiner næringsarbeid, satsing på infrastruktur, kompetanseutvikling og ulike interkommunale samarbeid.

Trass i lite innbyggjartal har ein i Setesdal etablert strukturar og samarbeidsformer som er fullt på høgde med meir folkerike område. Dei siste åra har ein møtt utfordringa i høve til samhandlingsreforma på ein offensiv måte. Etter eit grundig prosjektarbeid, har ein etablert samarbeid regionen som sikrar at kommunane kan handtere desse oppgåvene, god samhandling med sjukehuset og potensiale for næringsutvikling basert på helse.

Ein har hatt både økonomiske ressursar og organisasjon til å arbeide effektivt med å byggje ut RV 9 gjennom Setesdal. Dette året kom parsellen Krokå -Langeid på plass. Ein ser vidare kompetanseutviklingstilbod i regionen som svært viktige. Dette har vore viktig og vil vere satsingsområde framover.

Setesdal regionråd er koordinerande organ for dei ulike samarbeida i Setesdal anten det gjeld museum, revisjon, brannvesen m.m. På denne måten har ein lukkast å sikre ei god samordning og heilskapstenking i regionen. Setesdal regionråd står og for samordninga av det administrative planet gjennom å vere sekretariat for rådmannsutvalet. På denne bakgrunn kan ein trygt seie at Setesdal regionråd er navet i Setesdal.

Sjølv om mykje er oppnådd, så står ein framføre nye utfordringar. Det er ei viss usemje om vegen vidare, regjeringa har varsla ein kommunereform der ein signaliserer at ein vil avløyse samarbeidsformer som våre med store kommunar som skal handtere oppgåver som me har.

Me meiner at Setesdal er godt rusta til å møte utfordringane i framtida, men det krev at me gjer dei rette vegvala og går offensivt vidare.

Med helsing



Tarald Myrum  
Styreleiar





# INNHALD

<b>ÅRSMELDING – SETESDAL REGIONRÅD 2013</b>	<b>6</b>
<b>ORGANISERING</b>	<b>8</b>
<b>AKTUELLE TEMA &amp; DRØFTINGAR I 2013</b>	<b>11</b>
<b>REGIONAL UTVIKLING – SAMHANDLING MED FYLKESKOMMUNEN OG REGIONALE STYRESMAKTER</b>	<b>12</b>
Aust-Agder fylkeskommune / Regionplan Agder 2020 / Framtidsbygda / Likestilling, Mangfald og integrering / Sørlandet sjukehus – strategiplan 2030 Agder politidistrikt - Politiråd / Agder kollektivtrafikk AKT	
<b>INTERKOMMUNALT SAMARBEID</b>	<b>13</b>
Heimeside utvikling – grafisk uttrykk / Økonomi- & eigarstyring Forstudie- arealplanlegging / Senter for livskvalitet og mestring Rådmannsgruppa	
<b>INFRASTRUKTUR</b>	<b>15</b>
Riksveg 9 / El bil – ladestasjonsprosjektet / Digital turistinfo - pilot Bykle kyrkje Utvikling av nye heimesider og ny grafisk profil / Visit Setesdal – Reiselivssamarbeidet	
<b>KOMPETANSE</b>	<b>18</b>
Utdanningstilbod / Andre kurs og studietilbod / Setesdal folkehøgskule	
<b>NÆRINGSUTVIKLING &amp; -ARBEID</b>	<b>20</b>
Næringsssatsing / Strategisk næringsplan / Næringsforum Setesdalskonferansen / Setesdalsprisen / Regionalt næringsfond - støtte til verksemder/næringsstiltak Fordeling av type støtte tiltaksområde Andre løyvingar - øyremerka ressursar	
<b>REKNESKAP 2013</b>	<b>28</b>
Balanserekneskap	28
Driftrekneskap	29
Noter	30
Revisormelding	31
Vedlegg	32

# ÅRSMELDING

## SETESDAL REGIONRÅD 2013

### **Styret legg med dette fram årsmeldinga for Setesdal regionråd for driftsåret 2013**

#### **ARTEN OG INNHALDET TIL VERKSEMUDA**

Setesdal regionråd er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bykle, Valle, Bygland og Evje og Hornnes. Verksemda er organisert som eit interkommunalt samarbeid i medhald av § 27 i kommunelova. Regionrådet er sjølvstendig rettssubjekt. Valle er vertskommune.

Regionrådet har som visjon å medverke til at det er godt å bu og drive verksemd i Setesdal.

Verksemda har tre strategiske satsingsområde - infrastruktural, interkommunalt samarbeid og næringsutvikling, i tillegg har ein kompetanseutvikling som fokusområde.

#### **FORMALIA - FUNDAMENT FOR SAMARBEIDET**

Visjonsdokument – samarbeidsavtale og nye vedtekter for Setesdal regionråd - vart lagde fram kring årsskiftet 2006-07. Kommunane godkjende og formaliserte fundamentet i 2007.

#### **FRAMHALD AV DRIFTA**

Styret finn at verksemda er driven i samsvar med og i medhald av den samarbeidsavtalen og dei vedtaka som gjeld. Styret konstaterer at drifta for 2013 er sikra gjennom formaliserte samarbeidsavtalar med kommunane og øyremerkte midlar frå kommunane til verksemda. Fylkeskommunen medverkar og gjennom løyving i samsvar med konsesjonskraftavtale med kommunane og med rammeløyving til regionalt næringsfond frå Regionalt utviklingsprogram / KRD-midlar.

#### **ARBEIDSMILJØ - YTRE MILJØ**

Verksemda disponerer tilfredsstillande kontor og nødvendig utstyr. Det har ikkje vore sjukdom eller skader på personell eller utstyr i 2013. Verksemda ureinar ikkje det ytre miljøet.

#### **LIKESTILLING**

Representantskapet i Setesdal regionråd er samansett av 5 formannskapsrepresentantar frå deltakar-kommunane. Styret i verksemda utgjer 8 faste og 6 observatørar. I styret er det 7 menn og 1 kvinne, og observatørane er 5 menn og 1 kvinne. Desse er oppnemnd etter posisjon/verv. Det er 3 tilsette – 2 kvinner og 1 mann. Rådmannsgruppa fungerer som valkomite for oppnemning av styrerepresentantar til interkommunale verksemder - der legg ein vanlege reglar for likestilling til grunn.

#### **ØKONOMI OG RESULTAT**

Styret legg fram rekneskapen for 2013. Rekneskapen er førd i Valle kommune og revidert av Setesdal revisjonsdistrikt IKS. Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit dekkande bilete av stillinga og resultatet til verksemda. Det er ikkje vesentlege hendingar eller uvisse når det gjeld det framlagde resultatet eller rekneskapen for 2013.

Ordinært resultat for 2013 er på kr 3.125.777.

Rekneskapsmessig overskot i driftsrekneskapen på kr 375.551.

Styret føreslår at rekneskapsmessig overskot vert sett av til disposisjonsfond. Vidare at overskot i kapital/-investeringsrekneskapen på kr 34.705 blir avsett på ubunde kapitalfond.

#### **MÅLOPPNÅING**

Arbeidsåret har vore prega av ulike ønskje til retningsval for det regionale samarbeidet, og kva ein skal legge i den regionale utviklingsrolla til Regionrådet. Ein kan sjå føre seg ulike retningsval og satsingsområde. Styret var på studietur og såg på alternative måtar å organisere og fokusere regionalt samarbeid med regionpark, reisliv, næringsutvikling mv. Dei pågåande drøftingane om virkekrinsen og arbeidsområda vart slege fast gjeldande for valperioden. Evje og Hornnes bad om reforhandling av samarbeidsavtalen. Aust-Agder fylkeskommune med politisk og administrativ leiing har følgd Regionrådet tett opp og i 2013 med deltaking og gode råd.

Fylkeskommunen og andre regionale styresmakter er viktige aktørar for den regionale utviklinga i Setesdal. Vi set pris på desse samarbeidsrelasjonane.

Innafor interkommunalt samarbeid har Regionrådet i 2013 hatt ei sentral rolle i høve utvikling av nye heimesider og grafisk profil for kommunane og eigen side, og elles vore tilretteleggjar for rådmannsgruppa. Regionrådet har medverka til Fengselsprosjektet, vore aktive i høve utviklinga av Evjeklinikken og helseklynge-satsing på Evjemoen.

Innafor virkeområdet «infrastruktur» er arbeidet med Rv 9 det tyngste for tida. Parsellen Krokå – Langeid vart opna. Det vart og arbeidd med forprosjekt for etablering av ladestasjonsstruktur for el-bilar i heile Setesdal i 2013. Vidare medverka vi til utvikling av etablering av ein pilot på digital turistinfo ved Bykle kyrkje.

Næringsarbeidet har vore i støypeskeia. Ein vart samde om å gå inn i ei 3årig satsing med tilsetting av næringskoordinator- Det vart og vedteke å sette i gang arbeid med strategisk næringsplan mv. Ein opplev god samhandling med næringsapparatet lokalt og regionalt og med næringslivet i Setesdal. Det var stor interesse for kurs og arrangement – som Setesdalskonferansen og i 2013.

#### SAKSOMFANG

Styret handsama i 2013; 154 politiske saker, 201 referatsaker, og 16 drøftingssaker.

Det var fatta 28 delegerte vedtak frå administrasjonen.

Som vedlegg følgjer:

- Driftsrekneskap
- Samandrag balanse
- Notar til rekneskapen
- Revisjonsmelding

#### GODKJENNING – ÅRSMELDING

I styremøte 21. mai 2014 vart årsmeldinga handsama og godkjent, jf styresak PS 73/14

Representantskapet tok årsmeldinga til etterretning i møte 18. juni 2014, sak 4/14 Representantskapet vedtok rekneskapen som lagd fram av styret, jf. styresak 74/14 og representantskapssak 3/14.



Tarald Myrum



Nina Susanne Johnsen



Jon-Rolf Næss



Tor Hallvard Mosdøl



Leiv Rygg



Olav Neset



Bjørn Ropstad



Finn Bjørn Rørvik

# ORGANISERING STYRET



**TARALD MYRUM**  
Ordfører  
Valle kommune



**LEIV RYGG**  
Ordfører  
Bygland kommune



**BJØRN ROPSTAD**  
Ordfører  
Evje og Hornnes kommune



**JON-ROLF NÆSS**  
Ordfører  
Bykle kommune



**NINA S. JOHNSEN**  
Varaordfører  
Valle kommune



**OLAV NESET**  
Varaordfører  
Bygland kommune



**FINN BJØRN RØRVIK**  
Varaordfører  
Evje og Hornnes kommune



**TOR HALVARD MOSTØL**  
Varaordfører  
Bykle kommune



# OBSERVATØRAR



**BJØRGULV SVERDRUP LUND**  
Fylkesordfører  
Aust-Agder Fylkeskommune



**ARILD EIELSEN**  
Fylkesrådmann  
Aust-Agder Fylkeskommune



**SIGNE SOLLIN HAUGÅ**  
Dagleg Leiar  
Setesdal Regionråd



**SIRI ALICE ØVERGÅRD**  
Møtesekretær  
Setesdal Regionråd



**JENS ARILD JOHANNESSEN**  
Rådmann  
Evje og Hornnes kommune



**ÅSMUND LAUVDAL**  
Rådmann  
Bygland kommune



**TALLAK HOSLEMO**  
Rådmann  
Bykle kommune



**EIVIND BERG**  
Rådmann  
Valle kommune

## REPRESENTANTSKAP

Formannskapet, ved 5 representantar frå kvart, i dei fire samarbeidskommunane er representantskap for Regionrådet. For perioden 2012/2013 var Jon-Rolf Næss leiar og Bjørn A. Ropstad nestleiar. Rådmennene og dagleg leiar møter med tale- og forslagsrett.

## STYRE

For perioden 2012/2013 var Leiv Rygg vald til styreleiar og Tarald Myrum nestleiar.

Bykle kommune: ordførar Jon-Rolf Næss og varaordførar Tor Hallvard Mosdøl

Valle kommune: ordførar Tarald Myrum og varaordførar Nina Susanne Johnsen.

Bygland kommune: ordførar Leiv Rygg og varaordførar Olav Nese

Evje og Hornnes kommune: ordførar Bjørn Ropstad og varaordførar Finn Bjørn Rørvik

## OBSERVATØRAR MED MØTE- OG TALERETT:

Aust-Agder fylkeskommune:

- Fylkesordførar Bjørgulv Sverdrup Lund med vara fylkesvaraordførar John-Olav Strand
- Fylkesrådmann Arild Eielsen

Rådmennene i dei samarbeidande kommunane:

- Tallak Hoslemo – Bykle
- Eivind Berg - Valle
- Aasmund Lauvdal - Bygland
- Jens Arild Johannessen – Evje og Hornnes

Dagleg leiar, Setesdal regionråd:

- Signe Sollien Haugå

## ADMINISTRASJON – KONTOR

Dagleg leiar Signe Sollien Haugå er tilsett i 100 % stilling. Siri Alice Øvergård er tilsett i 60% prosjektstilling.

Regionrådet har og avtalefest tenestekjøp gjennom Destinasjon Hovden AS for å arbeide med reiselivet regionalt under nemninga Visit Setesdal. I tillegg er det engasjert prosjektleiar for Rv 9 prosjektet gjennom eksternt tenestekjøp. Næringskoordinator er engasjert gjennom tenestekjøp fram til 1.7.14. Det har og vore temporære tenestekjøp i samband med kurs og kompetansetiltak, arrangementsavvikling mv. Vertskommunen yter tenester til mellom anna arkiv, økonomi og rekneskap, datastøtte, sentralbord, kontor med reinhalds- og vaktmeistertenester. Setesdal revisjonsdistrikt IKS er revisor for Regionrådet. Valle er vertskommune og kommunehuset er kontorstad for dagleg leiar. Vi har avdelingskontor i kommunehuset i Bygland for prosjektmedarbeidaren.

## RÅDMANNSGRUPPA

Rådmennene drøfter aktuelle saker før og etter handsaming av styresaker i tillegg til mykje anna administrativ samordning mellom kommunane. Rådmannen i Iveland deltek i saker som vedkjem kommunen, t.d. oppfølging av felles interkommunale samarbeid. Den samla kompetansen i rådmannsgruppa i Setesdal er stor og verdfull i høve til mange og krevjande saksfelt. Ikkje minst er samarbeidet ressurseffektivt. Dagleg leiar tilrettelegg møta og er sekretariat for rådmannsgruppa.

## PROSJEKTGRUPPER OG LIKNANDE I 2013

- Setesdalskonferansen – programkomite
- Visit Setesdal - reiselivsforum og ulike prosjektgrupper for Berekraftig reisemål
- Setesdalsmuseet – konsolideringsprosess musea i Aust-Agder. Eivind Berg og Knut A. Austad vart oppnemnde til å vere representantar i ei arbeidsgruppe/ tingsutval for kommunane i Setesdal og Iveland.

# AKTUELLE TEMA OG DRØFTINGAR I 2013

## **FOKUSOMRÅDE REGIONRÅDET - HANDLINGSPROGRAM**

Styret vedtok at dei strategiske dokumenta og virkekrinsen til Regionrådet ligg fast ut valperioden. Ein opna for sterkare vektning av prioriterte oppgåver/strategiske satsingar i samband med budsjett og handlingsprogram. Ein vart og samde om å sette i gong arbeid med strategisk næringsplan i takt med fylkeskommunen sin regionale plan for berekraft og nyskaping. I tillegg til nedfelte virkeområde – infrastruktur og i sær rv 9, og Interkommunalt samarbeid og næring konkretiserte styret ønskja om at Regionrådet skal vekte utviklingsaktørrolla innafor desse tema framover:

- Næringsutvikling og reiseliv
- Regional park som verkty
- Ungdom og mobilisering
- FOU – kompetanse og samarbeid.

## **SØRLANDSUTVALET / SØRLANDSBENKEN**

Styret drøfta kva for prioriterte saker ein særleg ønskja oppfølging av for Setesdal og løfta fram følgjande:

- Grønt batteri
- Fengsel
- Distriktsvennlege / desentraliserte utdanningstilbod
- Immateriell kulturarv – Unesco satsing

Desse vart og løfta fram i styremøte der stortingsrepresentant Svein Harberg vitja Setesdal.

## **STUDIETUR MED DISTRIKTSSENTERET TIL SOGN OG FJORDANE OG VALDRES**

Styret ønskja sak om mogleg natur- og kulturpark-satsing i etterkant. Det var og interesse for å sjå nærare på organiseringa som Valdresrådet har med tydlegare skilje mellom interkommunale og politiske saker og næringsarbeid med interaksjon med reiselivsnæringa. Omdømebygging og framsnacking av fellesskap, felles profilering og symbolbruk vart og løfta fram.

## **FJELLREGIONSAMARBEIDET**

Styret vurderte innmelding og var representert med styreleiar på konferanse i Jølster 29-31 mai.

## **NÆRINGSARBEIDET I SETESDAL**

Styret hadde organisering av næringsarbeidet som tema gjennom heile året. Det vart vedteke å utlyse stilling som næringskoordinator i tråd med forprosjektet.

## **KRAV OM REFORHANDLING AV SAMARBEIDSAVTALE**

Formannskapet i Evje og Hornnes kommune varsla krav om reforhandling av avtale – Saka vart drøfta gjennom fleire saksframlegg og møte hausten 2013.

## **FENGSEL**

Ordførar i lag med Evje utvikling organiserte prosjektarbeidet for å utvikle ein modell for utbygging av nytt fengsel på Evjemoen. Styret gav tilslutnad til konseptet – for påverknadsarbeidet i høve statleg og regionale drøftingar om nytt fengsel i landsdelen.

## **REGIONAL PARK SOM STRATEGI**

I samarbeid med Aust-Agder Fylkeskommune, Distriktsenteret vart det sendt søknad om støtte til første fase i Kommunal og regionaldepartementet si ordning. Søknaden vart avslegen.

## **BEREKRAFTIG REISELIV**

Styret slutta seg til initiativ frå Visit Setesdal/ Destinasjon Hovden om å søke om opptak som pilotprosjekt for å kvalifisere til ny nasjonal merkeordning for berekraftige reisemål. Første fase omhandlar kartlegging, forankring og søknadsutvikling for merkegodkjenning for ein samla region etter nasjonal standardspesifikasjon.

# REGIONAL UTVIKLING – SAMHANDLING MED FYLKESKOMMUNEN OG REGIONALE STYRESMAKTER

## **AUST-AGDER FYLKESKOMMUNE**

Aust-Agder fylkeskommune ved fylkesordfører og fylkesrådmann møter fast på styremøte- og held styret fortløpende orientert om aktuelle saker. Fylkeskommunen har og hatt ei aktiv rolle og gitt råd i høve pågåande drøftingar om Regionrådet og næringsarbeidet i 2013..

Leiinga i Fylkeskommunen og rektor Setesdal vidaregåande skule hadde og orienteringar i Representantskap Regionrådet desember 2013.

Fylkeskommunen medverkar og tungt økonomisk til regional utvikling – gjennom årleg løyving frå Konsepsjonskraftmidlar og med midlar til regionalt næringsfond, samt til Rv 9-utbygging.

I 2013 har Fylkeskommunen kjørt eit kompetanseprogram innafor entreprenørskap og næringsarbeid der 1.lina og Regionrådet har delteke. Fylkeskommunen bistår elles Setesdal mykje i oppfølging av einskildsaker og prosjekt.

## **REGIONPLAN AGDER 2020**

Regionplan Agder er felles verkstad for regional utvikling i Aust- og Vest-Agder og det operative arbeidet for oppfølging av felles fylkesplan. Arbeidet blir leia politisk av fylkesordfører Bjørgulv Sverdrup Lund og administrativt av fylkesrådmann Tine Sundtoft fram til Aril Eielsen tok over oktober 2013.

Setesdal er som dei andre regionane representert med styreleiar av Regionrådet i politisk samordningsgruppe, og i rådmannsutvalet med leiar av rådmannsgruppa og dagleg leiar av Regionrådet. I tillegg er vi representert i faggruppe Klima og miljø, og i faggruppe Utdanning og i faggruppe Folkehelse. Faggruppene arbeider ut strategiske notat på sine tema. Politisk samordningsgruppe driv og eige arbeid i høve felles veg og infrastruktursatsing.

I 2013 har det vore fokus på tema som levekår, utdanning og folkehelse– ny statistikkportal, infrastruktur og grønt batteri – m.a.

## **FRAMTIDSBYGDA**

Den årlege konferansen vart arrangert av regionale aktørar den 12-13. nov Sølv garden.

Tema i år var likestilling – inkludering og mangfald

## **LIKESTILLING - MANGFALD OG INTERGRERING (LIM)**

I Regionplan Agder 2020 og i politisk samordningsgruppe vart temaet løfta fram att. Fylkesordfører bad kommunane og regionane organisere og sette dette på agendaen i kommunane og gjennom regionråda. Styret vil ta dette opp og i revisjon av Utviklingsplan Setesdal 2020 og i nytt handlingsprogram – og som eigen sak. Fylkeskommune varsla og igangsetting av eigen plan gjennom planprogram for LIM.

## **SØRLANDET SJUKEHUS – STRATEGIPLAN 2030**

Hausten 2013 vart det gjennomført eit dialogmøte med leiinga av strategiarbeidet ved sjukehuset. Setesdal informerte og responderte i høve regionale ambisjonar og utfordringar med sideblikk på Samhandlingsreforma.

## **AGDER POLITIDISTRIKT - POLITIRÅD**

Tema for det årlege regionale møtet omhandla førebygging av kriminalitet, status for politidistriktet, radikaliserings, statistikk og handlingsplan for førebyggjande arbeid 2013-2016, regionale oppfølgingsteam og utvekslingar om lokale tilhøve og samarbeidsområde.

## **AGDER KOLLEKTIVTRAFIKK (AKT)**

Styret fekk orientering om verksemda og anbudsprosessane.

# INTERKOMMUNALT SAMARBEID

## HEIMESIDE UTVIKLING – GRAFISK UTTRYKK

Regionrådet sette igong eit prosjekt med utvikling av nye heimesider for kommunane og Regionrådet med tanke på fornying av felles grafisk profil og meir tidmessige og funksjonelle heimesider. Setesdal IKT, Tress Design og ei eiga arbeidsgruppe med tilsette utvikla og vart samde om utforminga. Kommunane la ein formidabel innsats i innhaldsetablering og oppdatering av stoff til nye heimesider gjennom heile året.

Vi forma våre med funksjonar og løysingar ut frå det vi såg trong for i høve våre brukarar og kommunar. Den tekniske løysinga er levert av Custom publish. Tress Design AS har arbeidd i lag med prosjektgruppa med det grafiske uttrykket og ikkje minst å skape enkelheit, struktur og ryddige sider.

Alle ønskja å fram det attraktive og eigenarta for sin kommune. Store bilete «sel» det vi har å by på – og dei vil skifte i høve årstider og hendingar. Slik blir vi og tydlege og definerte i høve turistar og tilflyttarar på «kva og kven vi er». I tillegg til å få fram eigenart og marknadsføre kvalitetar og moglegheiter skal bileta gi gode kjensler og lokal stoltheit i høve innbyggjarane våre. Kommunane har lagt ned eit formidabelt arbeid med å bygge innhald i sine respektive sider med tekst og bilete som bør vekke interesse, og gje nyttig og relevant info til publikum. Alle dokument er knytt opp til emne- / søkeord i høve den norske informasjonsstandarden LOS – for offentlege verksemdar. Regionrådet si side har tilsvarande familiært uttrykk – med bilete, «Setesdals krullen» og oppsett som kommunane, men meir avgrensa eigen og regional informasjon. Sidene vart lansert januar 2014.





## **ØKONOMI- & EIGARSTYRING**

Det vart arrangert felles eigarmøte i juni 2013 – er tema var meir aktivt eigarskap og eigarstrategiar. Styret tok initiativ til krav om innsparing i samlege IKS i representantskapsmøta 18.juni. Hausten 2013 vart trongen for innsparing tydeleggjort – med signal om kostnadsavgrensing / reduserte rammer til budsjettarbeida i IKSa. I eigarmøte 18.des vart skisse til ny modell lagt fram frå rådmannsgruppa til drøfting

## **FORSTUDIE- AREALPLANLEGGING**

Ut frå samla vurdering av kapasitet til omstilling i kommunane og etablering av nye interkommunale samarbeid vart arbeidet stoppa.

## **SENER FOR LIVSKVALITET OG MESTRING**

I forlenginga av strategisk satsing på Helse gjennom LMT Setesdal, interkommunale helsetenester, aksjekjøp i Evjeklinikken og moglegeheitsromet i kjølvatnet av Samhandlingsreforma vart det sett i gong eit forprosjekt for å sjå på privat og offentleg samarbeid og kva tenester og kommersielle tilbod ein kan sjå føre seg å etablere i eit samarbeid på Evjemoen. Oppdraget var å legge fram eit avgjerdsgrunnlag for eventuell vidare satsing på helseklynge samarbeid på Evjemoen og om det var grunnlag for vidare satsing på helse som vekstnæring i regionen framover. Forprosjektet vart gjennomført og godkjent. Styret vedtok at ein ønskja å gå vidare med satsing i 2014.

## **RÅDMANNSGRUPPA**

Rådmannsgruppa (RM) arbeider særleg administrativ samhandling av prosessar og aktivitetar mellom kommunane i Setesdal og Iveland. I tillegg kjem RM med innspel i framkant av styresaker og initerar nye felles regionale saker gjennom Regionrådet. RM var involvert i arrangementsplanlegging – programinnhald for studietur, regi og førebuing av for eigarmøte for IKS mv. i 2013. RM drøfta aktuelle utfordringar og innhaldsutvikling av det regionale samarbeidet i Regionrådet – dette året har det særleg omhandla næringsarbeidet og arbeidet med reiseliv.

Ikkje minst har RM i 2013 teke ansvar for å legge til rette for sterkare eigarstyring av interkommunale verksemdar i samband med økonomi og budsjett-drøftingar. RM stod og for planlegging av eigarmøte og førebuing av framlegg til å prøve ny organisering i to av verksemdene.

Rådmannsgruppa er styre for Setesdal IKT. I 2013 har ein konsolidert drifta og implementerte fagsystem – samdrive nokre opplæringstiltak. Ein har og einast om prioriterte utviklings-område der ein ventar effekt-gevinst i forlenginga av nye investeringar – som Digipost – e-faktura osv. Ein har og sett fokus på datatryggleik m.a i høve elektronisk meldingsveksling med pasientopplysingar, grensesnitt elektronisk arkiv med flyt mellom nivå og organisasjonar, og i høve på risiko- og sårbarheit og beredskap.

RM hadde møte med Agder IKT om strategiutvikling, drøftingsmøte med Fylkeslegen i Aust-Agder og med Arendal kommune vedrørende organisering og eigarstyring av interkommunale samarbeid. RM hadde og møte med Sørlandet sjukehus HF om strategiprosessen der.

RM har i 2013 brukt mykje tid på oppfølging av helse-samarbeidet (LMT Setesdal – samarbeidsavtaler mv.), PPT Setesdal og grensegangen mellom kommunalt ansvar for tilpassa opplæring og spesialundervisning, aktivitetar arbeid med Visit Setesdal, NAV Setesdal – samdrift Regionplan Agder 2020-saker. Konsolideringsprosessen med Setesdalsmuseet og musea i Aust-Agder har vore fortløpande drøfta gjennom året. Ein har og stadig døme som blir konkretisert i felles rutineutvikling og nyttige erfaringsutvekslingar. RM har og koordinering, i høve felles skjønsmiddelsøknadar. I 2013 har ein arbeidd med Ruspolitisk handlingsplan. Det vart sett igong arbeid med supplement av ros- og beredskapsdokument når det gjeld internkontroll og beredskap. Brot i naudnett aktualiserte tema som sikringsradio/satellitt-samband.

RM vurderte ulike system for internkontroll med tanke på felles innkjøp.

Skatteoppkrevjarsamarbeid vart etablert i 2013. Kommunal Ø-hjelp vart søkt finansiert i 2013.

# INFRASTRUKTUR



## RIKSVEG 9

Ny nasjonal transportplan (NTP) 2014-2023 vart lagt fram. I den var det nedfelt at ein har som mål å få ferdig Rv 9 som tofeltsveg innan 2023. I første handlingsplanperiode (4 år) låg inne 130 mill. til å starte bygging av parsellane Sandnes- Harstadberg, Skomedal og Frøysnes. Det vart eit gap i høve reviderte kostnadsestimat og samla lokal/regional – og statleg finansiering på 100 millionar – og uro for utsett byggestart til 2016. Ein arbeidde med påverknadsarbeid for å få inn ekstra middel i revidert statsbudsjett mv. Styret gav uttale til NTP og ba om forsering av utbygginga for å sikre samanhengande og kontinuerleg utbygging.

Påverknadsarbeidet er organisert styringsgruppe og administrativ prosjektgruppe med fylkeskommunen, statens vegvesen, NHO og Setesdalsregionen. I prosjektgruppa er Aust-Agder fylkeskommune Statens Vegvesen, dagleg leiar og prosjektleiar med. Gruppa arbeidde i 2012 med å sikre posisjonering og med aktivt påverknadsarbeid i høve sentrale aktørar i arbeidet med ny nasjonal transportplan (NTP). Ein drøfta og alternative strategiar med tanke på rammenivå og ambisjonar i høve samla restutbygging og påverknadsarbeidets målsettingar i høve løyvingar for 1. og 2. handlingsplanperiode (2014-2023).

Etableringa av felles vegaksjon mellom fylkeskommunane og NHO fordra tettare samarbeid for å vere koordinerte i kommunikasjonen eksternt og fremje både E18, E39 og Rv 9 som landsdelen sine prioriterte prosjekt. Fylkesordføraren leiar arbeidet. Politisk samordningsgruppe medverkar i å løfte og koordinere landsdelen sine prosjekt.

Parsellen Krokå-Langeid kom ut på anbod og arbeida starta opp hausten 2012 – Hausten 2013 var det opning.

Frå venstre: ordførar i Bygland Leiv Rygg, fylkesordførar Bjørgulv Sverdrup Lund og regionvegsjef Kjell Inge Davik.

## EL BIL – LADESTASJONSPROSJEKTET

Styret gav i 2012 ei prosjektgruppe fullmakt til å arbeide ut søknadsgrunnlag ut frå ambisjonen om 2 hurtigladarar og 1 fast ladepunkt pr kommunesistnemnde med tanke på å ta i bruk el-bilar som tenestebilar i kommunane samstundes. Olav Skeie, Steinar Lauvdal og Olav K. Hovet utarbeidde eit samla konsept og søknadsgrunnlag. Konseptet vart konkretisert ned til intensjonsavtale med grunneigar på aktuelle lokasjonar og søkt finansiert gjennom Transnova, fylkeskommunale og eigne middel frå Regionrådet. Prosjektet fekk ikkje ekstern støtte og let seg såleis ikkje realisere i første omgang.

For el-bil-brukarar vil ein heilskapleg struktur gjere reiseruta frå kontinentet via Setesdal til fjordane i vest enda meir attraktiv. Ladestasjonar kan og aktualisere desse i høve både kvardag i by og helgeutferd, ferie- og fritidstransport for folk på Sørlandet. Godt utbygd nettverk av ladestasjonar vil truleg og initiere auka el-bil bruk i distrikta. – Ikkje minst vil det vere ei viktig symbolsak for å posisjonere landsdelen som det grønne batteriet. Som det heiter i turistreklamen: «Powered by nature».....





Frå venstre destinasjonssjef Lasse Eidskrem, leiar i Setesdal IKT Lars Erik Domaas og kyrkjeverge i Bykle Tor Hallvard Mosdøl.

#### DIGITAL TURISTINFO – PILOT BYKLE KYRKJE

Bykle sokn (kommune) tok initiativ til å prøve ut meir digital turistinformasjon i Setesdal. Korte videofilmar om mellom anna den vesle og særmerkte kyrkja si historie vart produsert.

Tiltaket er meint å vere supplement utanom sesongen då det er levande formidling med guidar ved vegkyrkja. Korte videofilmar med formidling av den vesle og særmerkte kyrkja si historie, om kyrkjebygda i Bykle, sjeldne blomar og verdfulle slåttemarker (nasjonalt verneverdige kulturlandskap) er presentert. Informasjonen er tilgjengleg gjennom trådløst nett og applikasjon til mobiltelefonar og storskjerm der. Piloten er utvikla og etablert i samarbeid med Visit Setesdal, Setesdal IKT og Setesdal regionråd.

Levande og autentisk forteljing – lyd – bilde – video: Ingrid Margrethe Bjåen er den lokale stemma som formidlar tekster av Bjarne Tveiten og Sigrid Bjørgum med klangfull fjellgards-dialekt. I tillegg er det lagt ut tekst på norsk, engelsk, tysk og nederlandsk – så her er det tilrettelagt for dei fleste. Helga Jacobsen tek og turistane inn i stemningsfulle musikalske innslag med religiøse folketonar og lokale stev .

**Sjå filmar her: [www.laguide.no/Bykle/](http://www.laguide.no/Bykle/)**

#### UTVIKLING AV NYE HEIMESIDER OG NY GRAFISK PROFIL

Bykle, Valle, Bygland og Iveland kommunar i lag med Setesdal regionråd og Setesdal IKT har i eitt års tid arbeidd i hop for å designe og legge opp nye heimesider over felles lest.

#### VISIT SETESDAL – REISELIVSSAMARBEIDET

Samarbeidsavtala med Destinasjon Hovden gjaldt 2010-2013. Hovudoppdraget har vore å utvikling, gjennomføring og koordinering av marknadsføringa av Setesdal som turistdestinasjon, i tillegg oppgaver som:

- Merkevarerbygging – Setesdal som reisemål og reiserute
- Felles kompetansetiltak
- Vertskapsopplæring
- Felles infrastruktur / systemdrift:
- Strategisk dokument/ posisjonering i høve strategiske samarbeidspartar.
- Koordinering og representasjon
- Fellestiltak / prosjekt - initiering
- Kommunikasjon og samhandling – internt og eksternt:

Destinasjon Hovden og destinasjonssjefen har levert mykje og godt arbeid avtaleperioden – i tråd med avtale og forventingar. Styret signaliserte at ein ønskje å gå vidare med felles reiselivssatsinga Visit Setesdal og samarbeidet med Destinasjon Hovden ut frå vurdering av kapasitet og kompetanse der.

Visit Setesdal samordnar og er talerør for reiselivet i mange fora og arenaer. Samarbeidet organiserer felles marknadsføring av Setesdal, og gjennomfører felles tiltak som etablering av felles fotoarkiv, merkevarebygging, marknadsbidrag for å kjøre kampanjar og bli synlege og søkbare eksternt. Samarbeidet har og medverka til at vi kan vere aktive i dei store strategiske drøftingane om organiseringa av reiselivet både i lendedelen og nasjonalt, og vere aktivt på i høve ny Nasjonal reiselivsstrategi – når vi representerer ein heil region.

Det er godt samarbeid med dei øvre kommunane, Destinasjon Hovden, Brokke og Nedre Setesdal reise- trafikklag – samt mange av reiselivsverksemdene i Setesdal.

Det blir arbeid med felles profilering/ område-marknadsføring – Setesdal: med nettsida -www.setesdal.com og www.visitnorway.com – der Setesdal er presentert som sjølvstendig reisemål - på fleire språk vs norske og utanlandske marknader. Det blir kjøpt kampanjar i fellesskap. Vidare blir det årleg gitt ut «Setesdal guide» med eit opplag på 450000 - på norsk /engelsk, og tysk / nederlandsk.



I 2013 vart turløypenettet i Setesdal oppgradert med felles skilting – og støtte frå Aust-Agder fylkeskommune. Skilting og gradering vart utført i høve internasjonal standard.

Det vart og arbeid aktivt i høve kampanjar, profilering og utvikling av ulike prosjekt og potensielle / framtidige aktivitetar.



Bjoren vart tildelt Olavsrosa frå Norsk Kulturarv. Ellen Nordstoga frå styret i Norsk kulturarv og stortingsrepresentant Kjell Ingolf Ropstad stod for høgtidleg overrekking av merket og diplom til kaptein Robert Kleppe ombord på DS Bjoren den 25.juni 2013.

Merket for berekraftig reisemålsutvikling Styret i Setesdal regionråd slutta seg til arbeidet med å kvalifisere Setesdal til merket «Bærekraftig reisemål» i 2013. Eit forprosjekt var sett igong med støtte frå Innovasjon Norge.

Forprosjektet skal kartlegge og forankre eit ev hovudprosjekt i høve næringsliv og kommunane i regionen. ordninga og forprosjektet som viktig – dels som prosess og arbeidsform og dels som verktøy for kvalitetsutvikling, og kontinuerleg fokus på økonomisk og annan bærekraft.

Forprosjektet vil avdekke interesseområder for felles og samordna innsats på å utvikle reiselivsprodukt, natur- og kulturbaserte opplevingar, attraksjonar mv. og moglegheiter for eit ev. hovudprosjekt. Ein vil og få eit drøftingsgrunnlag på kost/nytte og nærare spesifiserte tema som kan bidra til å løfte reiselivsbransjen i høve fokusområde, kriteria/ indikatorar osb.

Vår region er den første som vurderer å søke merkegodkjenning for ein heil region - som pilotprosjekt skaper det interesse og merksemd nasjonalt og internasjonalt.



# KOMPETANSE

Utviklingsplan Setesdal 2020 nedfelte at kompetansebygging skulle vere eit gjennomgåande tema – og at Regionrådet skulle ta eit operativt ansvar i høve koordinering og gjennomføring

## **UTDANNINGSTILBOD**

Vi har eit særst godt samarbeid med Lindesnes – og Listerregionen med felles prioritering, tiningar og utvikling av nye studietilbod utover vidaregåande nivå. Felles ambisjon er igangsetting av eitt nytt profesjonsstudium kvart år – samt ev etter- og vidareutdanningstilbod der regionane ser seg tente med felles distriktsvennlege tilbod. Setesdal vidaregåande er fast samarbeidspart og avdelingane blir nytta som studiesenter.

## **Desentralisert sjukepleiarutdanning - Universitetet i Agder**

Studiet vart starta i 2012. Fakultet for idrett og helsefag er leverandør og har prosjektleiinga. Regionane er styringsgruppe. Studentane gir uttrykk for at dei er særst nøgde med tilbodet og gjennomføringa.

## **Desentralisert lærarutdanning - Høgskulen i Telemark**

Vedtak om igangsetting desentralisert lærarutdanning – Høgskulen i Telemark, GLU 1-7. Få søkjarar ført til at ein tilbodet vart samordna – Lindesnesstudenten møter på Hornnes. AVANSERT SJUKEPLEIE – ETTERUTDANNING Studieplan og kursinnhald vart i hovudsak utvikla av Lindesnesregionen sin samhandlingskoordinator. Regionsamarbeidet tok over prosjektet for å søke å få det finansiert og realisert. Studieplanen vart godkjent av Universitetet i Agder – og undervisingsjukeheimane og Fylkeslegen sikra realisering. Tilbodet er innretta i høve nye oppgåver for kommunane etter Samhandlingsreformen – som eit etterutdanningstilbod for sjukepleiarar. Studiet blir tilbydd for 2 deltakarar frå alle kommunane i Agder – og utgjær tilsaman 30 studiepoeng.

## **Forprosjekt ingenørutdanning - fornybar energi**

Ein er merksam på at det vil vere eit generasjonsskifte i kraftselskapet i regionen framover – og at det vil bli behov for rekruttering. Same behov vil Lister og Lindesnes og ha i høve ingeniørar. Kompetansefondavart søkt om støtte til forprosjekt for utvikling av desentralisert studietilbod for ingeniør –og studieplan fornybar energi.

## **ANDRE KURS OG STUDIETILBOD**

I fleire år har det og vore arbeidd med basiskompetanse-tilbod for næringslivet og ymse kortkurs etter lokale ønskje og forslag. Kvinnenettverket av næringsdrivande har initiert dei fleste av desse som i neste fase og er «rulla ut» med tilbod både i øvre – og nedre Setesdal. Tilboda har vore gjennomført med innleigd prosjektleiing – medan dagleg leiar har hatt prosjektansvar for marknadsføring, rapporteringar osv. Deltakinga frå næringsverksemdar har god spreiding – med 8 frå Bykle, 4 Valle, 4 frå Bygland og 15 frå Evje. Vi har og hatt deltakarar frå 3 tilliggjande kommunar og 4 etablerarar. Tilsaman har 38 verksemdar delteke på kursa i 2013.

## **Basiskompetanse for næringsliver - Vox/Setesdal vidaregåande skule**

Regionrådet har sidan 2010 årleg vore søkjar i høve nasjonale løyvingar for både å kartlegge behov og iverksette tilbod etter næringslivet sine behov. Det er innleigd prosjektleiar og undervisinga blir tilrettelagt av Setesdal vidaregåande skule. I 2013 var det 4 verksemdar med tilsaman 20 deltakarar som har tilpassa opplæring i høve medarbeidar og verksemdene sine behov på ulike fagområde.

## **HMS – Kurs for arbeidsgjevarar**

Advokatfirmaet - Steenstrup og Stordrange DA vart engasjert til å kjøre 2 kurs. Det var tilsaman 17 verksemdar/ personalansvarlege som deltok.





### **Regnskapets ABC**

I samarbeid med Aust-Agder fylkeskommune tilbydde vi kurs i grunnleggjande rekneskapskurs for næringsdrivande – og spissa mot kulturnæringane. Det var 17 deltakar.

### **Styrekurs - fase II**

Styret løyde kr. 150` til kurs i styrearbeid – fase II – dvs med studiepoeng. Tiltaket vart utsett grunna at prisen frå tilbydar for å kjøre studietilbodet i Setesdal vart vurdert for å vere for høg i høve fordeling til deltakaravgift.

### **Web - kurs**

Det var tilbydd 2-dagers webkurs i regi av Kvinne-nettverket. Kurset inneheld innføring i etablering av webside og nettbutikk, og dessutan nyttige tips om bruk av sosiale medium. Det var 18 deltakar.



Kurs i grunnleggjande styrearbeid i næringsverksemder Styreforeninga vart leigd som kurshaldar – tiltaket vart tinga i 2013- og gjennomført 2014.

### **SETESDAL FOLKEHØGSKULE , LINEUTVIKLING/ PROSJEKSTILLING**

Styret løyde kr 100` til prosjektstilling som skulle utvikle nytt linetilbod innafor idrett / ekstremспорт.

Styret inviterte formannskapa og andre på studietur til Sogn og Valdres 22-24 april. På programmet stod m.a. stadutvikling, matkultur, samferdsle, regional utvikling, reiselivsplanlegging, møte med Distrikts-senteret, Kunnskapsparke og Høgskulen i Sogn. I Valdres: reiselivstrategiar, Euromontana og natur og kulturparksatsinga samt helsesatsinga der. Studieturen var tilrettelagt av Roar Vangnes i Distrikts-senteret.

# NÆRINGSUTVIKLING & -ARBEID



Setesdal regionråd har over tid hatt og har næringsarbeid som eit viktig arbeidsområde.

Det omfattar både einskildsaker og prosjektarbeid – som forvaltning av regionalt næringsfond og disponering av midlar frå eige budsjett til ulike næringsrelaterte tiltak, kompetanseutvikling, arrangement og å vere talerøyr og part i høve regionale styresmakter og prosessar.

Det regionale næringsarbeidet omhandlar i stor grad å legge til rette for tenlege fellestiltak – anten det gjeld bransjeretta satsingar eller t.d. felles kompetansetiltak eller liknande. Det går og ut på å vere koordinerande i høve regionalt viktige nærings saker for å samordne rådgjeving, introduksjon til aktuelle aktørar i det regionale næringsapparatet og medverke til få til best mogleg tilpassa og samla oppfølging i lag med 1.lina.

Regionrådet er og operativ leverandør av kurstilbod for små og mellomstore verksemdar – og fasilitatørar for kurstilbod til grunderarar osv som Fylkeskommunen tilbyr.

Fylkeskommunen løyver og middel til regionale næringsfond – Regionrådet disponerer årleg denne løyvinga – der administrasjonen er sakshandsamar for dette.

## NÆRINGS SATSING

Styret vedtok i 2013, med tilslutnad frå representantskapet, å sette i gong ei 3årig nærings satsing. I det låg ambisjonar om styrkt kapasitet og kompetanse til å ta ei regional koordinerande rolle og forsterke næringsarbeidet samla.

Stillinga som næringsutviklar vart konkretisert med oppgåver som:

- strategisk og operativt arbeid med regionalt viktige nærings saker,
- initiering, koordinering, og oppfølging av bransje satsingar og næringsprosjekt
- drift og koordinering - næringsforum
- regionalt operativt kontaktpunkt for samarbeidet mellom regionale aktørar, Innovasjon N og næringsapparatet i Setesdalskommunanane
- synleggjering av Setesdal i høve investorar/ eksterne aktørar for etableringar
- sakshandsaming – regionalt næringsfond mv.

Bygland Varmesentral fekk Bygdeutviklingsprisen i Aust-Agder for 2013 frå Innovasjon Noreg (IN) Frå venstre: Erling Hellum (direktør IN Agder), Geir Skjevra (Bygland Varmesentral), Svein Bringsjord (styreleiar IN Agder), Inge Kvaale og Olav Skreland (Bygland Varmesentral) og Leiv Rygg (ordførar Bygland)

Programkomiteen for Setesdalskonferansen 2013 var; Ørnulf Hasla, Bjørn Erling Auestad, Connie Barthold, Ole P. Bruun, Knut På Bø, Harald Haugland, Siri Alice Øvergård og Signe Solllien Haugå. Her representerte ved verten Bjørn Erling, konferansier Styrr F. Trondsen og eldsjel Ørnulf.

Setesdalsgildet er ein årleg matfestival på Hovden. Regionrådet ved ordførar i Bykle, Jon Rolf Næss, stod for prisutdelingar: **Heidersprisen** - Fjellgarden Hovden v / Merete Hjemdal og Rolf Arne Haugen, **Årets verksemd** - Osteverkstedet v/ Andrea Maggioni, **Årets utstillar/-stand** - Sylvåra v/ Inger og Trygve Rysstad.



Det vart engasjert rekrutteringsfirma til å bistå i utlysing og utval av kandidatar. Medarbeidar vart engasjert i første omgang frå hausten 2013 fram til juli 2014.

### STRATEGISK NÆRINGSPLAN

Setesdal har eit variert næringsliv. Vi har mange og solide verksemdar, men vi har og utfordringar i høve konjunkturutsette bransjar og lønsemd. Næringsutvikling heng og tett i hop med folketalsutvikling og busetting. Ei målretta og samordna næringsutviklingsarbeid skal hjelpe til med å få fram fleire nye-tableringar, auke nyskapinga, medverke til å utløyse vekst og auka lønsemd i verksemdene. Regionplan Agder 2020 set fokus og retning; «Verdiskaping bygd på kunnskap». Arbeidet med ein eigen plan for innovasjon og nyskaping og kompetansehevingsprogrammet for næringsapparatet skal understøtte styrkt innsats, betre samordning og meir målretting av arbeid og virkemiddel.

Næring er eitt av tre verksemdsområde for Regionrådet. På bakgrunn av prosessen med Regional utviklingsplan for Setesdal 2020, og underlagsdokument som regional næringsanalyse for Setesdal (Telemarksforsking, 2008) og Regionanalysen (Agderforsking, 2009) vart ein av strategiane å arbeide for eit meir koordinert og profesjonelt næringsapparat.

Styret vedtok å sette i gang arbeid med Strategisk næringsplan for Setesdal i 2013. Dagleg leiar og næringsmedarbeidarane i kommunane vart prosjektgruppe og rådmannsgruppa oppnemnt som styringsgruppe. Næringskoordinator vart prosjektleiar. Planen skal innrettast i høve Regional plan for innovasjon og berekraftig utvikling Agder. Fylkeskommunen og Innovasjon Norge vart invitert til å delta i arbeidet.



SEKT er eit regionalt kompetanseprogram for næringsapparatet. Innovasjon Noreg, Aust-Agder fylkeskommune, Setesdal regionråd og lokalt næringsapparat frå heile fylket var samla i Setesdal 26 og 27 september 2013. Nokre av dei som var med på samlinga - frå venstre: Kristian Herregård (Bykle kommune), Jon Ødeskaug (Valle kommune), Inge Eftevand (Evje og Hornnes kommune), Signe Sollien Haugå (Setesdal regionråd), Torleiv Momrak (Aust-Agder fylkeskommune), Wenche Fresvik (Aust-Agder fylkeskommune) og Erik Arntsen (UiA – senter for entreprenørskap).



### **NÆRINGSFORUM**

Vi gjennomførte samling av 1.lina av næringsmedarbeidarar inkludert landbruk frå kommunane, programkomiteen for Setesdalskonferansen, næringsavd. AAFK + leiinga i Innovasjon Norge –Agder. Føremålet var forventingsavklåring – introduksjon av næringskoordinator og etablering av eit fundament for framtidig samhandling – og å drøfte korleis eit næringsforum bør etablerast med oppgåver, innhald og funksjonar. Ein tok og opp oppdraget med strategisk næringsplan og ønskje i høve disponering av regionalt næringsfond.

### **SETESDALSKONFERANSEN**

Setesdalskonferansen er ei årleg tilskiping. Arrangementet er for leiarar av private verksemder i regionen, og ein møteplass mellom dei, tiltaksapparat og politisk/administrativ leiing. Føremålet er både fagleg påfyll, nettverksbygging og dialog om utvikling og vekst for næringslivet i Setesdal - og ikkje minst å skape godt samhald og miljø. Konferansen fann stad på Hovden 18-19 april. I 2013 var det deltakarar frå

vel 50 ulike verksemder i tillegg til kommunale og regionale aktørar og gjester.

I 2013 hadde vi namn som Dag Otto Lauritsen - som tala om at «alt er mogleg - det tek berre litt lengre tid» og Einar Gelius tala om "himmel og helvete - etikk og leiing". Styrk Fjærtoft Trondsen var konfransier. Andre generasjon Hasla, Gunhild Ørnulfsdotter tala om eit anna aktuelt tema i tida - sosiale medier, produktplassing, merkevarebygging - å møte marknaden med eit ungt blick. Siren Marcussen Neset frå Norsk Forskingråd informerte om skattefunn og anna. På programmet stod og bedriftsbesøk på Fjellgarden og Hovden Skisenter og presentasjon av Hovden Hytterservice m.a.

Per Birkeland med Byglandsfjord Sag vart tildelt Setesdalsprisen i 2013. Direktør i Innovasjon Norge – Agder, Erling Hellum, var prisutdelar.



### SETESDALSPRISEN 2013

Eit av høgdepunkta i Setesdalskonferansen er kåringa og utdelinga av Setesdalsprisen til verksemder eller personar som fortener særleg åtgau! Prisen er ei utmerking til næringslivet i Setesdal. Prisen kan gå til eigar/leiar eller ei privat verksemd i Setesdal som over tid - eller siste året - har virka på ein særleg positiv og fortjenestefull måte ut frå særleg innsats – eller nådde resultat. Juryen - ordførarane, lokalt tiltaksapparat, Innovasjon Norge og Aust-Agder fylkeskommune står for kåringa etter forslag til kandidatlar og årleg utlysing.

Birkeland fekk prisen m.a. fordi han og verksemda er i eigen divisjon når det gjelder sysselsetting, lønnsemd, og verdiskaping i regionen. Han har vore involvert i verksemda sidan ho var ny. Juryen omtalte vinnaren som ein ekte kremmar og tydeleg forretningsmann. Han har over tid bygd opp fleire verksemder som han er medeigar og leiar av. Vinnaren er ein markant person når det gjelder næringsutvikling i Setesdal, men også på Sørlandet.

Verksemda har vist positive driftsresultat og en sunn økonomi heile vegen, og er den nest største målt i omsetnad mellom private verksemder i Setesdal. Omsetnaden på saga var nær 55 millionar (2011). I høve statuttane scorar verksemda og leiaren og høgt når det gjeld å vere banebrytande i høve bransjen på tidspunktet verksemda vart etablert. Verksemda har stor tyding for ei næring i heile Agder om omsetnad av ei råvare på vegne av ei spesifikk næringsgrein.

Setesdalskonferansen vart grunnlagt av «Bedriftsgruppa» i 2006. Birkeland var ein av dei 5 i gruppa. Prisvinnar vart og hylla som ein av dei som tilfører Setesdalskonferansen mykje latter og ei god tone, og for å dele med seg av eigen røynsle mellom anna i sekvensen om merkevarebygging i 2012.



# REGIONALT NÆRINGSFOND – STØTTE TIL VERKSEMDER / NÆRINGSTILTAK

## KORT OMTALE AV LØYVINGAR:

Nye trebyggeriet	
SP stål og mekaniske – kompetanseutvikl/ekstern konsulentbistand	125
RDV AS - etableringsstøtte	100
Kellys Kennel – etablerarstøtte	25
Runar Granheim – etablerarstøtte	25
Contentio AS – etablerarstøtte – forretningsplanutvikling mv.	50
Contentio AS - forretningsplanutvikling – programvareutvikling	50
Marit Taksdal – nydyrking	24
Gunnar Eivind Greibrokk - nydyrking	23
Norsk landbruksrådgjeving Setesdal – prosjektstøtte	150
Bygland varmesentral - lån	300
Karin Marie og Steinar Kyrvestad - mjølkekvote	16
Tor Morten Evje - mjølkekvote	30
Sigurd Bjåen – Bjåen fellesfjøs - mjølkekvote	19
Setesdølen – støtte til utgjeving av temaavis	120
Ole Harald Sundt – forprosjekt – forretningside	12
Tytingen – pilot – visningsanlegg – energi	30
Kvinnenettverket – kurs og fagleg påfyll	50
Kurs - kompetansetiltak – generell SMB/ næring	100
Setesdalskonferansen	200
Smaken av Setesdal	50

---

<b>SUM</b>	<b>1.949.000</b>
------------	------------------


\*Vart ikkje realisert – løyving omdisponert.

## ANNA

Det var ein klagesak i 2013 i høve avslag på støtte til CD-utgjeving – klagen vart ikkje imøtekomen.

# FORDELING AV TYPE STØTTE / TILTAKSOMRÅDE

TYPE TILTAK	BELØP ` i 1000	PROSENT
Etablererstøtte	362	19
Kompetansetiltak – einskild verksemd	125	6
Kompetansetiltak - fellestiltak	350	18
Fornbar energi - investeringsstøtte/lån	330	17
Landbruk	109	6
Fellestiltak– omdøme	120	6
Annan prosjektstøtte	300	15
Marknadsføring reiselivsverksemder	250	13
<b>SUM</b>	<b>1946</b>	<b>100</b>



## I 2013 har ein og arbeidd med:

- Interreg. – reiseliv – partnaravtale – internkostnader prosjektsøknad / -utvikling
- KVS Bygland – infomøte – naturbasert reiseliv / fornybar kraft - styret
- Nordisk kjøkken – partnarførespurnad Smaken av Setesdal / Regionrådet vart drøfta.
- Turoperatør-samling Revsnes
- Visit Setesdal – Rapportering drøfting av vidareføring av samarbeid Destinasjon Hovden
- SKRIK – Forslag til disponering av “Gründermillionen” i Aust-Agder
- Regionalt næringsfond – rapportering KR-systemet
- Setesdølen – temaavis – til alle husstandar i Agder – Idémyldring – redaksjonsmøte - oppfølging
- Stipendordning – styreleiar for små og mellomstore verksemder (SMB).
- Setesdal bilruter – eigarmøte
- Evjeklinikken – eigarmøte – og dialog.
- Berekraftig reisemål – prosjektleiing – prosess-innsats -kartleggingsfase
- VOX – basiskompetanse for næringslivet – prosjektansvar .

# ANDRE LØYVINGAR - ØYREMERKA RESSURSAR

## ARRANGEMENTSUTVIKLING O.L

• Helt vilt – lærlingemesse mv Hovden	50
• Setesdalsgildet: 20` + 10 til prisar	35
• Syklar til Cuba	25
• Ose mat og kultur	15
• Landeskogen litteraturfest	15
• Rock i Brokke	15
• Otra IL – vannfestival	10
• Reiårsfossen camping , Ose – friluftsgalleri:	70
• Reiserutesatsing – Naboskrytkonferanse	100
• Colorline Setesdal Tour – samarbeidsavtale	150

## FELLESTILTAK – DIGITAL INFRASTRUKTUR /NYE LØYSINGAR

• Nye heimesider/nettportal	150
• Digital turistinfo – pilot Bykle kyrkje	150
• Ladestasjonsprosjekt – elbil	300

## REGIONALT VIKTIGE PROSJEKT – INTERKOMMUNALE / NÆRINGSRELATERTE

Evje utvikling fekk støtte til å engasjere eksterne rådgjevingskompetanse i samband med konseptutvikling. I forlenginga av forprosjektet om senter for livmestering osb såg ein trong for å gå vidare i utviklinga av helsenærings-satsing for å utløyse synerigar og medverke til etablering og styrking av eit helsefagleg kompetansemiljø med både private og offentlege aktørar.

• Helseklyngeprosjekt – Evjemoen	375
• Evjeutvikling - Fengsel Evje – fase 1	125


## DESENTRALISERTE STUDIETILBOD - DRIFT

Regionrådet legg mykje eigeninnsats i tilrettelegging for nye studietilbod og dialog med tilbydarar for å få samarbeidsavtaler og finansieringsopplegg på plass for kvart nytt tilbod/prosjekt. I desse ligg oftest og årleg løyving til leverandør av studietilbod. I 2013 var desse øyremarka i budsjettet:

• Desentralisert sjukepleiarutdanning	100
• Distriktsvennleg lærarutdanning GLU 1-7	100
• Studiesenteret – kontingent / innkjøp utstyr	80

## DS BJOREN:

Styret løyvde driftsstøtte på kr. 61` for 2013. Seinare vart det løyvd kr 500` til oppgradering og naudsynt vedlikehald i samband med ny klassing av båten. Intensjonane med regional støtte har vore å sikre varig drift og ivaretaking av fartyet som kulturminne og attraksjon for Setesdal i påvente av meir permanent organisering og finansiering. I 2013 virka integrering i Setesdalsmuseet si drift nær føreståande – likeeins statsstøtte gjennom fredingsprosess.





# REKNESKAP 2013

## BALANSEREKNESKAP

TEKST	Note	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012
<b>EIGEDLAR</b>			
A. Anleggsmiddel			
Utlån		280 651	33 652
Aksjar og andelar	4	612 517	649 611
Pensjonsmiddel	3	1 193 928	1 006 223
<b>SUM ANLEGGSMIDDEL</b>		<b>2 087 096</b>	<b>1 689 486</b>
<b>B. Omløpsmiddel</b>			
Kortsiktige fordringar		6 240 766	6 689 908
Kasse, postgiro, bankinnskot		8 906 169	6 185 203
Sum omløpsmiddel		15 146 936	12 875 111
<b>SUM EIGEDLAR</b>		<b>17 234 032</b>	<b>14 564 598</b>
<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>			
C. Eigenkapital			
Disposisjonsfond	5	-9 919 027	-7 647 570
Bundne driftsfond	5	-1 002 686	-471 945
Rekneskapsmessig overskot	5	-410 256	-94 191
Rekneskapsmessig underskot	5	0	42 219
Kapitalkonto	6	-384 901	-427 366
<b>SUM EIGENKAPITAL</b>		<b>-11 716 872</b>	<b>-8 598 854</b>
<b>D. GJELD</b>			
Langsiktig gjeld			
Pensjonsforpliktingar	3	-1 701 798	-1 261 723
<b>SUM LANGSIKTIG GJELD</b>		<b>-1 701 798</b>	<b>-1 261 723</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Kassekredittlån		0	0
Annan kortsiktig gjeld		-3 646 351	-4 686 741
Premieavvik	3	-169 010	-17 277
<b>SUM KORTSIKTIG GJELD</b>		<b>-3 815 361</b>	<b>-4 704 019</b>
<b>SUM GJELD</b>		<b>-5 517 160</b>	<b>-5 965 743</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>-17 234 032</b>	<b>-14 564 598</b>

# DRIFTSREKNESKAP

	Note	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012
<b>DRIFTSINNETEKTER</b>			
Salsinntekter		0	-310
Refusjonar		-845 138	-2 553 515
Overføringar		-10 393 000	-11 294 369
Andre driftsinntekter		-91 684	-1 005 934
<b>SUM DRIFTSINNETEKTER B</b>		<b>-11 329 822</b>	<b>-14 854 128</b>
<b>DRIFTSUTGIFTER</b>			
Løn inkl. sosiale utgifter	2	1 656 713	3 225 514
Kjøp av varer og tenester		3 801 650	5 893 231
Overføringar		2 638 361	4 503 113
Andre driftsutgifter		91 684	1 005 934
<b>SUM DRIFTSUTGIFTER C</b>		<b>8 188 410</b>	<b>14 627 793</b>
<b>DRIFTSRESULTAT D=B-C</b>		<b>-3 141 412</b>	<b>-226 335</b>
<b>FINANSPOSTER</b>			
Renteinntekter		-231 542	-186 051
Renteutgifter		178	902
Mottatte avdrag på lån		-53 001	-156 001
Utlån		300 000	0
<b>ORDINÆRT RESULTAT H</b>		<b>-3 125 777</b>	<b>-567 485</b>
<b>INTERNE FINANSTRANSAKSJONER</b>			
Avsetningar	5	3 514 751	1 775 950
Bruk av tidligere avsetningar	5	-806 743	-1 302 656
Brukt til fin. av utgifter i kapitalrekneskapet <sup>5</sup>		42 219	0
<b>SUM AVSETNINGAR J</b>		<b>2 750 226</b>	<b>473 293</b>
<b>Rekneskapsmessig resultat K=H+I-J</b>		<b>-375 551</b>	<b>-94 191</b>
Regnskapsmessig overskot		375 551	94 191

# NOTER

## AKSJAR OG ANDELAR

<u>NAMN</u>	<u>BOKFØRT VERDI</u>	<u>MARKEDSVERDI</u>	<u>EIERANDEL</u>
KLP eigenkapitalinnskott	8 899		
Setesdal Bilruter LL	445 500	1 278 588	4,01 %
Stiftinga Haukeliseterfestivalen	10 000	7 392	5,60 %
Evjeklinikken AS	148 118	148 118	11,13 %
<b>SUM AKSJAR OG ANDELAR:</b>	<b>612 517</b>		

## BEMANNING OG YTINGAR TIL LEINGA

<u>TEKST</u>	<u>2013</u>	<u>2012</u>
Løn dagleg leiar:	747 343	687 169
Godtgjering styreleiar:	144 000	136 000
Godtgjering revisor:		
- rekneskapsrevisjon	19 809	19 367
- bistand	7 348	6 035

## OVERFØRINGER MELLOM SELSKAP OG DELTAKARAR

<u>EIGARKOMMUNE</u>	<u>BELØP</u>
Bykle kommune	-3 000
Bykle kommune	-1 300 000
Valle kommune	175 600
Valle kommune	-4 000
Valle kommune	-1 300 000
Bygland kommune	-3 000
Bygland kommune	-1 300 000
Evje og Hornnes kommune	-1 000
Evje og Hornnes kommune	-1 300 000

## EKSTERNE INNTEKTER OG UTGIFTER

	<u>Regnskap</u>	<u>Regnskap</u>
	<u>2013</u>	<u>2012</u>
Salgsinntekter	0	-310
Refusjon fra staten	0	-3 130 608
Refusjon fra fylkeskommunen	-5 193 000	-5 216 500
Andre refusjoner	-241 225	-148 775
<b>TOTALT</b>	<b>-5 434 225</b>	<b>-8 496 193</b>

# REVISORMELDING

resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne regnskapsbestemmelser i forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

## Uttalelser om øvrige forhold

### Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet grunn for regnskapet er i samsvar med budsjettvedtak med regulert budsjett.

### Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om forutsetning og samsvar med lov og forskrifter.

### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjon som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig samarbeidets regnskapsopplysninger i samsvar med lov

Evje, 14.05.2014

Setesdal Revisjonsdistrikt IKS

  
Steinarr Risinggaard  
revisjonssjef

## Setesdal Revisjonsdistrikt IKS

- Bykle-Valle-Bygland-Evje og Hornnes-Iveland -

Til styret i Setesdal Regionråd

## REVISORS BERETNING FOR 2013

### Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for Setesdal Regionråd som viser et ordinært resultat på kr 3.125.777,34 og et regnskapsmessig resultat på kr 375.551,06. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2013, driftsregnskap og kapitalregnskap avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

### Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med kommuneloven med tilhørende regnskapsbestemmelser i forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper og god kommunal regnskapsskikk, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

### Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for samarbeidets utarbeidelse av et årsregnskap som gir en dekkende fremstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av samarbeidets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatenes utarbeidelse av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

### Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Setesdal Regionråd per 31. desember 2013, og av

TELEFON	916 31 468	E-POST	setesdal@e-h.kommune.no	POSTADRESSE	ORG.NR
Risinggaard	918 12 540	edvard.karlisen@e-h.kommune.no	4735 EVJE	976 662 652 MVA	
Karlsen	977 60 455	tpytten@e-h.kommune.no			
Pytten				BESØKSADRESSE	BANKKONTONR



# VEDLEGG:

## ORGANISERING - SAMARBEIDSSTRUKTURAR

### REPRESENTANTSKAP I IKS

Styret i Regionrådet utgjer representantskap i dei interkommunale selskapa i Setesdal:

- Setesdal brannvesen IKS
- Setesdal miljø og gjenvinning IKS (renovasjonsselskap)
- Setesdalsmuseet IKS / Setesdalsmuseet eigedom IKS
- Setesdal revisjonsdistrikt IKS

Valkomit : rådmennene

Leiarar av representantskap i dei interkommunale verksemdene (IKS):

Setesdal Brannvesen IKS – eiar Leiv Rygg vald for to  r (2012-2013)  
nestleiar Tarald Myrum vald for to  r (2012-2013)

Setesdal revisjonsdistrikt IKS: leiar Bj rn Ropstad vald for to  r (2012-2013)  
nestleiar Leiv Rygg vald for to  r (2012-2013)

Setesdal milj  og gjenvinning IKS: leiar Jon-Rolf N ess vald for to  r (2012-2013)  
nestleiar Tarald Myrum vald for to  r (2012-2013)

Setesdalsmuseet IKS: leiar Tarald Myrum vald for to  r (2012-2013)  
nestleiar Jon-Rolf N ess vald for to  r (2012-2013)

Setesdalsmuseet Eigedom IKS : leiar Tarald Myrum vald for to  r (2012-2013)  
nestleiar Leiv Rygg vald for to  r (2012-2013)

## **REPRESENTASJON, OPPNEMNINGAR, UTSENDINGAR O.A.:**

Vassdragsstyret for Nedre Otra, observatør til styret: Leiv Rygg

Vassdragsstyret for Øvre Otra: Leiv Rygg, Tarald Myrum 1. vara og Jon-Rolf Næss 2.vara

Krypsivprosjektet: Leiv Rygg, Tarald Myrum 1. vara og Jon-Rolf Næss 2.vara

Krypsivfondet: Leiv Rygg, Tarald Myrum 1. vara og Jon-Rolf Næss 2.vara

Forvaltingsplan for Otra / vassdirektivet, representantar til arbeidsutvalet: ordførarane

Vassregionutvalet: Leiv Rygg, med Bjørn Ropstad som vara etter valet.

Regionplan Agder 2020:

- styringsgruppa: Leiv Rygg
- rådmannsgruppa: Åsmund Lauvdal
- sekretariatet: Signe Sollien Haugå
- Politisk samordningsgruppe (PSG): Leiv Rygg

NAV Setesdal: rådmennene er styringsgruppe og representantar i partnerskapsstyret

Overordna strategisk samarbeidsutval (OSS): Jens A. Johannessen

OSS arbeidsutval: Wenche Tangene

Konsesjonskraftfondet for Aust-Agder - Portefølgjeutvalet: Tallak Hoslemo og Aasmund Lauvdal.

Innkjøpsentralen Offentlig Fellesinnkjøp på Agder (OFA), arbeidsutvalet: Tallak Hoslemo

Tingingsdialog UiA – Lister, Lindesnes og Setesdal: for Setesdal; Signe Sollien Haugå

KS Agder, regionrådsutval: Signe Sollien Haugå

Visit Sørlandet, Visit Setesdal via Destinasjon Hovden: Lasse Eidskrem

Styret har ikkje oppnemnt, men godkjent at dagleg leiar har desse relaterte verva:

- Setesdal Informasjons- og kompetansesenter (SIK): styrerepresentant
- Evje utvikling, observatør til styret
- Destinasjon Hovden – styrerepresentant
- Aust-Agder utviklings- og kompetansefond – styrerepresentant

**Utgjevar:** Setesdal Regionråd

**Tekst:** Signe Sollien Haugå

**Design:** Tress Design AS

**Foto:**

- s 1 Marit Simonstad Kvaale/Bygland kommune
- s 4 Marit Simonstad Kvaale
- s 8 Marit Simonstad Kvaale
- s 8 Svein Sundsdal (Nede til venstre)
- s 9 Marit Simonstad Kvaale
- s 13 Tress Design
- s 15 Marie Dyvik, Statens Vegvesen
- s 15 Lån Transnova
- s 16 Destinasjon Hovden
- s 17 Destinasjon Hovden (Skilt)
- s 17 Roar W. Vangsnes
- s 17 Innovasjon Norge (Symbol)
- s 19 Setesdal Regionråd
- s 20 Ole Birger Lien/Setesdølen
- s 21 Signe Sollien Haugå
- s 22 Ole Birger Lien/Setesdølen
- s 23 Styrk F. Trondsen
- s 23 Setesdal Regionråd
- s 27 Marit Simonstad Kvaale

Juli 2014



**EVJE OG HORNNES KOMMUNE**

Evjemoen 4735 Evje

**BYGLAND KOMMUNE**

Sentrum 4745 Bygland

**VALLE KOMMUNE**

Postboks 4 4747 Valle kommune

**BYKLE KOMMUNE**

Rådhuset 4754 Bykle





